

ØYGARDEN KOMMUNE
Ternholmvegen 2
5337 RONGDato: 26.03.2018
Vår ref.: 2018/8568-3
Saksbehandlar: ambrein
Dykkar ref.:

Mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Krav om endring i plankart, arkeologisk tilleggsregistrering og utsett frist for fråsegn - Rong senterområde - områdereguleringsplan - Øygarden kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 14.03.18 der ovafor nemnde sak vert lag ut til høyring og offentleg ettersyn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Arkeologiske registreringar etter § 9 i kulturminnelova

Hordaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar innafør det opphavelog varsla planområdet i 2013. Det er kjend eitt automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, ein steinalderlokalitet (Askeladden id 95514). I planforslaget som no er på offentleg ettersyn er planområdet utvida noko i vest, samanlikna med då vi gjennomførte arkeologisk registrering i området. Øygarden kommune har ikkje tidlegare informert oss om denne utvidinga. Det utvida området har potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne, i hovudsak frå steinalder. Vi finn det difor naudsynt med ei mindre arkeologisk registrering i den utvida delen av planområdet for å oppfylle § 9 i kulturminnelova.

Kostnadsoverslag er vedlagt, og vi ber om snarleg godkjenning av dette slik at vi kan leggje inn arbeidet i vår feltkalender. Vi gjer Dykk for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre vert fakturert for medgått tid og faktiske kostnader.

Dispensasjon frå kulturminnelova for kulturminne id 95514

I vårt innspel til planen i brev datert 21.10.2013, nemnde vi at den kjende automatisk freda lokaliteten, Askeladden id 95514, måtte leggjast i omsynssoner for bevaring og bandlegging, eller alternativt at det måtte søkjast Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova for lokaliteten. Då planforslaget vart presentert i regionalt planforum hjå Hordaland fylkeskommune 13.06.2017, vart det klart at planforslaget er i direkte konflikt med det automatisk freda kulturminnet. Øygarden kommune vart då informert om at Hordaland fylkeskommune kan tilrå søknad om dispensasjon frå kulturminnelova for dette kulturminnet. Steinalderlokaliteten id 95514 ligg i ein hage i eit etablert bustadområde, og tiltaket som er i konflikt med kulturminnet, fortau langsmed køyrevegen mot Rong sentrum, er av samfunnsmessig betydning. Hordaland fylkeskommune tilrår såleis at det vert søkt Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova for kulturminnet id 95514.

Dersom Riksantikvaren gjev dispensasjon frå kulturminnelova, vil Riksantikvaren gje uttale med føresegner som skal inkluderas i planen. Vi gjer merksam på at eventuell dispensasjon vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Kostnadene ved slik gransking må dekkast av tiltakshavar, jf. §10 i kulturminnelova.

Før vi kan sende saka vidare til Riksantikvaren må plankartet reviderast. Kulturminnet Askeladden id 95514 er i plankartet datert 02.03.18 vist med omsynssone for bandlegging, sosi-kode H730. Før vi kan sende søknad om dispensasjon til Riksantikvaren, må dette endrast til føresegnsområde. Føresegnsområdet skal inkludere heile det automatisk freda kulturminnet utan sikringssonen. Ta gjerne kontakt med

sakshandsamar Ambjørge Reinsnos, tlf 55239172, dersom det er spørsmål til dette. Det vil vere ei føremon å vente til den arkeologiske tilleggsregistreringa er gjennomført før plankartet vert revidert.

Vi gjer Øygarden kommune merksam på at kulturminnemyndet kan krevje ein frist på inntil 3+1 månader for å avklare tilhøvet til automatisk freda kulturminne når planen er til offentleg ettersyn, jf. kulturminnelova § 9. Vi varslar difor med dette at vi krev utsett frist for fråsegn i saka til inntil 3+1 månader etter at vi mottek det reviderte plankartet. Vi gjer for ordens skuld merksam på at kommunen ikkje kan eigengodkjenne reguleringsplan som er i konflikt med automatisk freda kulturminne.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Ambjørge Reinsnos
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kostnadsoverslag arkeologisk registrering - Rong senterområde - områdereguleringsplan - Øygarden kommune